

Tok ferie med heimetap

Skrive av administrator

fredag 29. juni 2018 19:32 - Sist oppdatert søndag 01. juli 2018 19:25



Vestnes Varfjell leverte ein svak kamp og tapte 0-2 heime mot Åndalsnes fredag. Gjestane starta friskast og tok leiinga etter 20 minutt. Aksel Berget Skjøsvik fann Ola Farkvam som sprang frå på venstrekanten og avslutta med skot forbi keeper. Det sto seg til pause. Heimelaget tok over etter kvilen, men sleit med å bryte ned ÅIF-forsvaret. Elling Olafsen og Amund Stavem hadde eit par forsøk, men det vart mykje nesten. Åndalsnes hadde faktisk dei største sjansane når dei kom på kontra. På overtid kom 0-2 ved Sindre Hammervold etter at Varfjell hadde sendt alle mann framover.

Kaptein Kanishi til [Rbnett \(plussartikkel, men kun kr 1 å logge seg på for tida\) etter kampen:](#)

- Dette var en veldig skuffende kamp for vår del. Det var lite som stemte, og vi klarte ikke å legge ned samme innsatsen som ÅIF-spillerne. Vi har et veldig høyt toppnivå i spillet vårt når det stemmer, men kanskje også det laveste nivået av alle på en dårlig dag.

[Nokre bilde frå kampen](#)

Kampfakta:

Tok ferie med heimetap

Skrevet av administrator

fredag 29. juni 2018 19:32 - Sist oppdatert søndag 01. juli 2018 19:25

Vestnes Varfjell - Åndalsnes 0-2 (0-1)

Vestnes idrettspark, fredag 29. juni 2018 kl 19

Mål:

0-1 (19) Ola Farkvam

0-2 (90 + 2) Sindre Hammervold

Laget: Fredrik Bergslid, Håkon Kjørvik (Elling Olafsen 46.), Svein Erik Lange Male, Ørjan Tangen, Magnus Nerheim (Liam Connor 79.) - Vegard Ellingseter, Tommy Kanishi Andreassen, Sivert Nerheim - Amund Stavem, Markus Brudseth, Jarle Løvik Salte

100 tilskuere

Dommar: Modolf Holm, Isfjorden

Gult kort: Ørjan Tangen, VVIL (20) og Aksel Berget Skjølvik, ÅIF (76)